



## Retningslinjer for handtering av brot på dei etiske retningslinjene i Noregs Ungdomslag

Vedteke av styret 10.06.2023

### Føremål og ansvar

Noregs Ungdomslag skal vere ein trygg organisasjon. Det skal vere eit trygt fellesskap for deltakarane på aktivitetar og tilskipingar i regi av Noregs Ungdomslag eller lokallag/fylkeslag. Det betyr at det skal vere trygge rammer for å kunne delta for medlemmar, tillitsvalte og tilsette i alle ledd.

For å sikre ein trygg organisasjon er det naudsynt med både førebyggjande arbeid og eit effektivt beredskapsarbeid. Det er ansvaret til styret at oppdaterte retningslinjer for handtering blir vedteke kvart år, og dei tilsette ved NU-kontoret har ansvar for at dette blir følgt opp og er på plass i arbeidet som blir gjort.

Dette dokumentet gir retningslinjer om eit brot på retningslinjene blir avdekka og dei formelle reaksjonane som skal tas når det er mistanke/bekrefta brot på desse. Dette er i samsvar med NU sine vedtekter og verdier.

### Rutinar for den som tek i mot mistanke, melding eller klage

- Handter mistanke/melding eller klage så fort som mogleg. Ta alltid kontakt med den det gjeld først.
- Finn ut om det er du eller nokon andre som er best til å handtere saka. Om du ikkje er den rette til å handtere saka eller treng støtte, løft saka til nærmaste frivillig/leiar.
- Ha den fornærmande si sikkerheit som ein førsteprioritet.
- Ta vare på personvernet til den det gjeld – ikkje del informasjon unødvendig og informasjon skal berre delast med løyve frå den det gjeld.
- Sjå forskjell på fakta og eiga oppleving av situasjonen.
- Lytt alltid til alle partar i saka. Du skal og vise respekt og omsorg for den skulda. Det kan være fleire grunnar til at saka har eskalert.
- Dokumenter saksgangen (dato for når varslinga kom inn, korleis det blei handtert og konkludert).
- Gjeld det så alvorlege hendingar at det skal bli politianmeldt, søk råd frå politiet om korleis saka bør bli behandla vidare lokalt.
- Er det mistanke om økonomisk uregelmessigheit/kriminalitet skal politiet alltid bli varsla.
- Vurder om det er behov for vidare varsling til lokallag/fylkeslag/sentralledd.
- Vurder om den det varslast om kan/bør bli utelukka frå aktivitet og suspendert frå eventuelle verv mens saka er under behandling.
  - Merk: Lova til Noregs Ungdom om eksklusjon §3.4 *Dersom ein medlem medvite motarbeider føremålet til organisasjonen, eller ikkje vil rette seg etter lover og føresegner, kan lokallaget ekskludere vedkomande som medlem. Slike avgjerder kan ankast til styret i fylkeslag og styret i Noregs Ungdomslag.*



### **Retningslinjer dersom den skulda er tilsett i Noregs Ungdomslag**

Når ein tilsett er mistenkt/skulda/meldt er det arbeidsgjevar ved generalsekretær som handterer saka i samsvar med dei arbeidsrettslege reglane i området. Denne retningslinja kan då bli brukt som retningsgivande for prosessen. Dersom saka gjeld generalsekretær, er det leiar i NU som handterer saka.

Dersom brotet gjeld seksuelle overgrep, grenseoverskridande oppførsel og trakassering gjeld *Retningslinjer for handtering av seksuelle overgrep, grenseoverskridande oppførsel og trakassering i NU.*